

Utfyllande informasjon om kartlegging av verdfull natur i Møre og Romsdal

Arbeidet med kartlegging av område som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet i Møre og Romsdal starta opp i 1999 etter ei kartleggingshandbok som er laga av Miljødirektoratet. (Tidlegare Direktoratet for naturforvaltning). Den første kommunen som vart kartlagt etter den metodikken var Norddal og som ga ut sin kartleggingsrapport i 2000. Det er nå kartlagt i alle kommunane.

I startfasen finansierte fylkesmannen forskjellige fellesprosjekt som grunnlag for kartleggingsarbeidet. Først ein søkbar database over naturfagleg litteratur som gjeld Møre og Romsdal og det vart så gitt ut fleire fagrapporatar til bruk i arbeidet. Rapportane er lagt inn i fylkesmannen, miljøvernnavdelinga sin rapportserie. Arbeidet med litteraturbasen vart avslutta i 2002 og er ikkje oppdatert etter den tid.

Fram til 2006 fekk kommunane, etter søknad til fylkesmenne, tilskott til kartleggingsarbeidet, men dette vart så endra slik at det nå vert løyvd middel direkte til fylkesmenne som etter samråd med kommunane avgjer kva område som det er aktuelt å kartlegge i. I den samanheng har Miljødirektoratet gitt fylka i oppdrag å ta ansvaret for mellom anna kvalitetssikring av tidlegare kartlagde område samt sørge for vidare kartlegging. Dette er eit arbeid som har kome godt i gang. Arbeidet vert utført av biologar med mellom anna god botanisk kunnskap.

Kartleggingsrapportane vart først gitt ut av kommunane. Nå blir dei enten gitt ut av fylkesmannen eller konsulentfirma.

Kartleggingsprosessen

Ved start av arbeidet, oppmoda fylkesmannen kvar einskild kommune til å gjennomføre ei organisering som sikrar lokal forankring slik at både politikarar, kommuneadministrasjonen, grunneigarar, organisasjonar, skular med meir får eit eigartilhøve til den biologiske informasjonen.

Fylkesmannen har vidare oppmoda kommunane til å legge kartleggingsresultatet til grunn for lokalpolitiske prosessar. Dei er rådde til å gi retningsliner for områda og eventuelt at det kjem i gang skjøtsel i til dømes dei registrerte kulturlandskapsområda som gamle slåttemarker og naturbeitemarker. Tilskotsordninga for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) er eit av dei kommunale verkemidla for å ta vare på det biologiske mangfaldet i slike område. I 2009 fekk kommunane eit brev der dei viktigaste naturtypeområda i kulturlandskapet vart lista opp og med ei oppmading om å kome i gang med eller halde fram med skjøtsel som beite og slått i dei.

I 2011 vart mellom anna naturtypen slåttemark vedtatt som utvalt etter Naturmangfaldlova og i den samanheng er det i Møre og Romsdal i 2013 laga ca. 150 skjøtselsplanar og dei fleste grunneigarane får tilskott til å skjøtte områda etter planane.

Kartleggingsrapportar

I kartleggingsrapportane er mellom anna prosjektet og behovet for nye undersøkingar nærmare omtala. Det er i den samanheng viktig å vere merksam på at det skjer ei fortløpende oppdatering av naturtypedata i Naturbase utan at rapportane vert endra. Det vert også lagt inn nye data i Naturbase der informasjonen vert henta frå andre rapportar enn dei kommunale kartleggingsrapportane som til dømes data frå konsekvensutgreiingar. Lenke til viktige rapportar er lagt inn lenger nede på nettsida.

Viktig at kartleggingsresultatet blir kjent i kommunane

Fylkesmannen har rådd kommunane til å sørge for at den nye kunnskapen vart gjort kjent blant politikarane, kommunale etatar, skular, lag, organisasjonar og årmenta/grunneigarar. Ikkje minst bør han aktivt nyttast av kommunane i mellom anna saker som gjeld arealbruk og arealplanlegging.

Behov for vidare kartlegging

Det er fleire delar i kommunane som framleis ikkje er kartlagde. I dei nyaste rapportane er det eit kart som viser graden av kartlegging frå godt kartlagde delar av ein kommune til dei delane som ikkje er kartlagde. Eit område kan også ha vore undersøkt, men årstida kan til dømes vere avgjerande for kva som vart gjort av viktige biologiske artsfunn.

Det vil alltid vere behov for nye undersøkingar, suppleringar og nyansering i ein dynamisk natur og ein kan heller ikkje utelukke behov for meir detaljerte avgrensingar av dei områda som allereie er kartlagde. Det er viktig å vere merksam på at kartleggingsresultatet ikkje kan brukast som det naturfaglege grunnlaget i ei konsekvensvurdering etter regelverket i plan- og bygningslova, men det kan kome til nytte i det førebuande arbeidet. Nye registreringar vil også vere aktuelt ved utgreiing av til dømes konsekvensane av alle formar for vasskraftutbygging.

Kvalitetssikring

I samsvar med kartleggingshandboka og eigne instruksar for kvalitetssikring, har fylkesmannen gjennomgått materialet slik som det nå er tilgjengeleg på nettet. Det gjeld til dømes val av naturtype, verdisetting med meir. Det må likevel understrekast at korkje fylket eller Miljødirektoratet har kapasitet til å kvalitetssikre datamaterialet ute i felten.

Kartleggingsresultatet

Områda som er kartlagde og vurderte som spesielt viktige for det biologiske mangfaldet i dette prosjektet ligg i Naturbase i datasettet «Naturtyper». Naturtypar som er utvalte etter Naturmangfaldlova ligg i tillegg i datasettet «Utvalgte naturtyper». Artsdata frå naturtypekartlegginga og anna kartlegging vert nå samla i Artsdatabanken sine kartdatabasar.

Lenker

Naturbase: www.naturbase.no

Gislink: www.gislink.no

Artsdatabanken: www.artsdatabanken.no

Kartleggingsrapportar: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Prosjekt/Kartlegging-av-nasjonalt-prioriterte-og-omsynskrevjande-naturtypar-i-More-og-Romsdal-/Kartleggingsrapportar/>

Miljødirektoratet si nettside om kartlegging av naturtypar:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Miljøovervakning/Kartlegging-av-natur/Kartlegging-av-naturtyper/>

Fylkesmannen, miljøvernnavdelinga sin rapportserie: [http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Om-Fylkesmannen/Publikasjonar/Liste-over-publikasjonar-fra-Miljøvernnavdelinga/](http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Om-Fylkesmannen/Publikasjonar>Liste-over-publikasjonar-fra-Miljøvernnavdelinga/)

Litteraturbase for Møre og Romsdal: <http://www2.fylkesmannen.no/Litteraturbase/>